



Seljord kommune

Inkluderende barnehage- og skolemiljø

Kompetanseutvikling for barnehager, skoler, myndighet og eiere om mobbing og andre krenkelser.



 Utdanningsdirektoratet

Seljord, 15.04.2019

Til politisk handsaming 2019

Innhold

1. Innleiing	3
2. Mål	3
3. Organisering og forankring av arbeidet	4
3.1 Kompetanseutvikling	4
3.2. Involvering av barn, elevar, føresette og PPT	5
3.3 Samarbeid med andre	5
3.4 Korleis erfaringar frå arbeidet skal kome alle einingane til gode	6
3.5 Vidareutvikling av praksis etter deltaking i prosjektet	6
4 Tiltak	7
5 Tidslinje for prosjektet	8
6. Finansiering	10
7 Utfordringar og moglegheiter	10
8 Den kompetante vaksne	11
8.1. Relasjonskompetanse	11
8.2. Synet på læring	11
8.3. Rettleiing og tilbakemeldingskultur	12
8.4. IKT-satsinga	12
9. Litteraturliste	13
10. Nettressursar	15
11. Vedlegg	15

Vedlegg 1: Søknad om deltaking i inkluderande barnehage- og skulemiljø frå region Vest-Telemark.

Vedlegg 2: Søknad kompetansemidlar barnehage lokalt/regionalt til FM Telemark

1. Innleiing

Utdanningsdirektoratet har på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet sett i gang prosjektet "Inkluderande barnehage- og skulemiljø".

Utviklingsområda i den nasjonale satsinga:

- Utvikle og oppretthalde gode og trygge barnehage- og skulemiljø, der alle barn og unge trivast og opplever tilhøyrse
- Førebygge, avdekke og handtere mobbing og andre krenkingar
- Organisasjon og leiing, generell regelvervskompetanse og tverrfaglig samarbeid

Seljord kommune har søkt deltaking i prosjektet saman med Region Vest-Telemark, og har kome med i pulje tre.

Undervisningssektoren i Seljord ynskjer med satsinga:

- Omsetje lovar og læreplanar, forskning- og erfaringsbasert kunnskap til praktisk handling
- Leggje til rette for kontinuerlig endring av praksis ved å skape rom for å dele erfaringar, reflektere over handlingane, gje kvarandre tilbakemeldingar og rettleiing
- Skape gode læringsmiljø gjennom førebyggjande og trivselsfremjande tiltak
- Avdekke og stoppe mobbing og andre krenkingar

Satsinga inneber samlingar på nasjonalt plan, regionale og lokale samlingar og nettverk, samt arbeid internt på kvar skule og i kvar barnehage.

Satsinga går over 1,5 år, fram til 2020. Planen skal danne grunnlag for vidare arbeid med inkluderande arbeid i barnehage og skule, og må reviderast jamleg.

Planen må forankrast politisk, og blir innarbeidd i ny kommunedelplan for undervisningssektoren.

2. Mål

Nasjonale mål:

- Barnehagen skal ha høg kvalitet som fremmer trivsel, leik og læring
- Elevar skal ha eit godt og inkluderande læringsmiljø
- Eit trygt og godt barnehage- og skulemiljø utan mobbing og andre krenkingar er både eit mål i seg sjølv og ein føresetnad for leik, læring og utvikling.

Regionale mål:

- Auke skulane og barnehagane i Vest-Telemark sin kompetanse i å fremje gode og trygge skule- og barnehagemiljø.
- Førebyggje, avdekke og handtere mobbing og andre krenkingar

Lokale mål for Seljord kommune:

- Alle barn og unge skal oppleve at dei har eit trygt og godt læringsmiljø i barnehage og skule, utan mobbing og andre krenkingar. Spesielt viktig å inkludere barn med spesielle behov og fleirspråklege barn
- Barn og unge skal oppleve eit inkluderande miljø som fremmer livsmestring og helse
- Barn og unge skal utvikle god sosial kompetanse og relasjonskompetane
- Barn og unge i Seljord skal møte kompetente vaksne som er gode rollemodellar
- Barn og unge skal oppleve at mobbing og andre krenkingar blir stoppa

3. Organisering og forankring av arbeidet

Lokalt:

- Ein ressursperson i 20 % for barnehage, Nina Merete H. Bakkåker, styrar i Flatdal barnehage og ein ressursperson i 20% for skule, Roar Slinde, lærar og sosiallærer ved Seljord ungdomsskule.
- Arbeidsgruppe:
styrarane, rektorane, ressurspersonane, kommunalsjef og pedagogisk konsulent
- Ressurspersonane skal støtte barnehage- og skuleeigar i utforming av plan og fagleg drifting av prosjektet. Dei skal bidra overfor leiarane i skular og barnehagar med implementering av utviklingsarbeidet.
- Tema på alle styrarmøta i prosjektperioden. Ressursperson barnehage er med
- Tema på alle rektormøta i prosjektperioden. Ressursperson skule er med
- Eigne lokale samarbeidsmøte mellom ressurspersonane i barnehage og skule
- Inkluderande barnehage- og skulemiljø er tema på interne kurs/forum for personalutvikling
- Barnehagane og skulane sett av tid på personalmøte i heile prosjektida.
- Skulane involverer personalet i SFO i utviklingsarbeidet
- Innkjøp av litteratur om temaet til alle avdelingane – arbeide i fellestid med litteratur og ny kunnskap
- Oppstart og involvering av føresette gjennom foreldremøte haust 2018, vår 2019 og gjennom prosjektperioden
- Storforeldremøte med gjesteføresar
- Involvering av FAU, SU, SMU, elevråd.

Vest-Telemark:

- Eigne nettverksgrupper i Vest-Telemark for ressurspersonane i barnehage og skule. Samarbeid med USN, styrt gjennom Forum for utdanning i Vest-Telemark
- Tema på alle møta i Barnehageforum i Vest-Telemark. Ein representant for ressurspersonane i barnehage i regionen vil delta i alle møta i Barnehageforum i prosjektperioden
- Tema på alle møta i Forum for utdanning i Vest-Telemark
- Temaet på felles planleggingsdagar for skulane og barnehagane i regionen
- Tema på eigne styrarsamlingar for barnehage, ressurspersonane og flest moglege pedagogiske leiarar er med

3.1 Kompetanseutvikling:

Kompetanseutviklinga vil gå føre seg på tre nivå, nasjonalt gjennom Udir sine samlingar, regionalt gjennom møte og kurs i Vest-Telemark, og lokalt på avdelingsnivå, barnehage- og skulebasert.

Regionalt vil Forum for utdanning i Vest-Telemark vere styringsgruppe for prosjektet.

Barnehageforum i Vest-Telemark er eit fagleg forum for barnehageeigarane i Vest-Telemark. Barnehageforum arrangerer ein felles planleggingsdag og to styrarsamlingar i året på regionsnivå. Det som det regionale kompetansehevingsarbeidet i Barnehageforum står bak, vil bli inkludert som ein del av prosjektet.

Barnehagane i Vest-Telemark fekk ekstra midlar til eit kompetansearbeid med implementering av rammeplanen i 2017-18.

Styrrarar og pedagogiske leiarane våre har vore med på samlingane om implementering av rammeplanen i regi av Fylkesmannen i Telemark hausten 18. Styrrarane var på tilsvarande samlingar i 2017-18.

Regionale og lokale tiltak frå den perioden er i tråd med satsinga *Inkluderende barnehage- og skolemiljø*. Det tyder ei vidareutvikling av det vi allereie held på med fram mot 2020.

Alle kommunale kompetansetiltak rettar seg mot alle fire barnehagane og mot alle faggruppene i barnehagane.

Pedagogmøte og fagtreff for alle tilsette i barnehagane vil bli nytta til kompetansetiltak og refleksjon knytt opp mot prosjektet, likeeins vil alle personalmøta og alle dei pedagogiske leiarmøta ha inkluderande barnehagemiljø som gjennomgåande tema.

Kompetansetiltak for skulesektoren

Kursdag om hausten, felles opplegg for heile Vest-Telemark, arrangert av Forum for utdanning i Vest-Telemark.

Skulane vil dessutan drive med intern kompetanseutvikling i personalmøtetid.

Kompetanse knytt til barn med særskilde behov blir viktig å kople opp mot alt personale i barnehagar og skular. Vaksne med spesialpedagogisk kompetanse må bli sett i stand til å dele kompetansen for å sikre at barn blir integrert mest mogleg i det allmennpedagogiske arbeidet i klasser og grupper. Det kan handle om både fysisk tilrettelegging av miljøet for å sikre inkludering, og det kan handle om metodar som norsk med teiknstøtte.

3.2 Involvering av barn, elevar, føresette og PPT

Barnehagane og skulane vil ha temaet oppe i alle samarbeidsorgan; FAU, SU, SMU og elevråd. Viktig at det ikkje berre blir handsama som rein orientering, men at det blir lagt opp til reell medverknad og involvering. Spesielt viktig at barns og elevars stemme blir høyrd i alt som har med inkluderande miljø å gjere.

PPT er representert i Forum for utdanning Vest-Telemark, og er såleis og representert i styringsgruppa for satsinga på regionsnivå. PPT vil bli invitert til å delta på regionale nettverksamlingar og felles planleggings dagar.

PPT vil og kunne vere aktive medspelarar i Forum for systemretta arbeid i barnehagane, FSB, ein møteplass for rettleiing og refleksjon rundt utfordringar og suksesshistorier i arbeidet med barna.

PPT er representert i TPO-team ved alle skulane, og vil og der bli involvert i systemarbeid rundt inkludering.

3.3 Samarbeid med andre

- FAU – Foreldrenes arbeidsutval. Orientering og drøfting hausten 2018. Drøfting av temaet undervegs i satsingsperioden
- SU – Samarbeidsutval. Orientering og drøfting hausten 2018. Drøfting av temaet undervegs i satsingsperioden

- KFU – Kommunalt foreldreutval for skule og for barnehage: Samarbeid om felles foreldremøte med fokus på inkluderande miljø, gode haldningar, positiv språkbruk, rasisme m.m.
- Elevrådet – Temaet må opp til refleksjon og drøfting
- SMU – skulemiljøutvalet ved Seljord ungdomsskule, må vere ei lokal styringsgruppe ved ungdomsskulen

3.4 Korleis erfaringar frå arbeidet skal kome alle einingane til gode

På regionalt nivå:

- nettverksamlingane for ressurspersonane
- ein ressursbank i skytenesten One drive der alle ressurspersonane kan kople seg opp for å "dele og stele"
- nettverksgrupper for alle skuleleiarane
- utvida styrarsamlingar for alle barnehagestyrarane.

På lokalt nivå :

- arbeidsgruppa med leiarane i barnehagane og skulane, ressurspersonane for barnehage og skule, kommunalsjef og pedagogisk konsulent
- Pedagogmøte
- Fagtreff
- Personalmøte med tid til utvikling og refleksjon ved alle avdelingane

3.5 Vidareutvikling av praksis etter deltaking i prosjektet

- Spreingsarbeid mellom kommunar, barnehagar og skular
- Vidare arbeid med nettverksgrupper for skuleleiarane
- Barnehageforum i Vest-Telemark – 2 styrarsamlingar per år
- Felles kursdagar for skule og for barnehage
- Fagtreff og pedagogmøte i barnehagesektoren
- Introduksjonskurs/opplæring av nye tilsette i skulen
- Fadderordning for nye tilsette?
- Rettleiing av nytilsette, nyutdanna i barnehage og skule?
- Vidare arbeid med skulemiljø i fellestid
- Systematisk rettleiing i barnehage og skule, på både individ- og systemnivå

4. Tiltak

Mål for individet, personalet og organisasjonen	Tiltak
<p>Alle barn og unge skal oppleve at dei har eit trygt og godt læringsmiljø i barnehage og skule, utan mobbing og andre krenkingar. Spesielt viktig å inkludere barn med spesielle behov og fleirspråklege barn</p>	<ul style="list-style-type: none"> - Utvikle handlingsplanar for både barnehage og skule - Ulike kartleggingsmetodar etter formål, drøfting, konsekvens - Utvikle gode standardar for elevsamtalar og utviklingssamtalar i skule, og barnesamtalar og foreldresamtalar i barnehage - Sikre felles rutinar, reglar og praksis for eit inkluderande miljø - System for lagring og analyse av data - Sikre samarbeidet med helsesjukepleiar - Lage felles opplegg for innhald på foreldremøta - Sikre godt fysisk læringsmiljø ute og inne - Utvikle rutinar for inspeksjon og uteleik -
<p>Barn og unge skal oppleve eit inkluderande miljø som fremmer livsmestring og helse</p>	<ul style="list-style-type: none"> - Legge til rette for samspel, vennskap og fellesskap - Samanhengande tid til leik ute og inne - Gi støtte til å meistre motgang og bli kjend med eigne og andre sine kjensler - Leggje til rette for ro og kvile - Dagleg fysisk aktivitet ved t.d. å delta i <i>Liv og røre</i> og andre aktivitetsfremjande tiltak - Leggje til rette for gode måltid, matglede og sunne helsevanar - Fylgje nasjonale retningsliner for mat og måltider i barnehage og i skule - Samarbeide med Seljord økologiske hage - Leggje til rette for auka medverknad i leik, læring og daglege gjeremål - Sikre god organisering av dagen
<p>Barn og unge skal utvikle god sosial kompetanse og relasjonskompetanse</p>	<ul style="list-style-type: none"> - Trene på sosiale ferdigheiter, t.d. ART (skule), Alle med (barnehage) - Fadderordningar - Leggje til rette for samvær og samarbeid på tvers av alder
<p>Barn og unge i Seljord skal møte kompetente vaksne som er gode rollemodellar</p>	<ul style="list-style-type: none"> - Sikre lik forståing og utøving av klasseleiing og leiing av barnegrupper - Innhente ny kunnskap som utgangspunkt for utvikling og bevisstgjerjing av personalet - Trene på og utøve relasjonsbygging og anerkjennande kommunikasjon - Vidareutvikle faglege fellesskap for å sikre utvikling i arbeidet - Utvikle kompetanse som sikrar inkludering av barn med særskilde behov, som t.d. norsk med teiknstøtte

<p>Barn og unge skal oppleve at mobbing og andre krenkingar blir stoppa</p>	<ul style="list-style-type: none"> - Sikre felles forståing for det å fylgje med, gripe inn, varsle ved mistanke og dokumentere - Utvikle og rullere konkrete handlingsplanar og beredskapsplanar som involverer alle relevante partar - Etablere rutinar for å førebyggje og avdekke mobbing og andre krenkingar, og i kap. 9a-saker - Alle tilsette skal arbeide i tråd med nulltoleransemålet for mobbing - Vi skal utvikle rutinar for å sikre gode overgangar mellom avdelingar, og for å skape samanheng i barns utviklingsløp - Utvikle og rullere plan for overgangar - Det skal vere vaksne til stades der barn og unge er (organisering av personalet) - Utvikle gode inspeksjons- og observasjonsrutinar - Personalet skal få kunnskap om kva ein ser etter. Innføring i forskning, teori og erfaringsbasert kunnskap på området. - Involvere barn, unge, og føresette i arbeidet mot mobbing og andre krenkingar - Utvikle og styrke tverrfagleg samarbeid mellom barnehage, skule/SFO, helsestasjon/skulehelseteneste, PPT, barnevern, politi og flyktningtenesta
---	---

5. Tidslinje for prosjektet

Dato	Innhald/oppgåver
August 18	
28.8.18	Foreldremøte barnehage
September 18	
12.09.18	Arbeidsgruppemøte 1. Admin., rektorar, styrarar, ressurspers. bhg/skule.
24.09.18	Skulen: orientere om satsinga Inkluderande barnehage - og skulemiljø i barnehage og skule. Modellering, relasjonskompetanse, ressurspersonar, satse på formell rettleingskompetanse.
27.09.18	Pedagogmøte barnehagane. <i>Leik, livsglede og livsmeistring</i>
Oktober 18	
16.10.18	Fagtreff barnehage: <i>Barnehagen som lærande organisasjon.</i> Anne H. Nordbye
26.10.18	Felles kursdag i VT – grunnskule. <i>Systematisk arbeid for et trygt og godt læringsmiljø Inkluderende praksis –faglig og sosialt</i> Tone Skyseth Westvig
26.10.18	Felles kursdag i VT - barnehage. <i>Eit godt barnehagemiljø – vaksenrolla – å høyre til.</i> Med Anne Holsæter Nordbye.
29.10.2018	Skulen: oppfølging etter felles kursdag 26.10. Ansvar Roar og rektorane. Jobbe med implementeringsplanen etter kursdagen. Identifisere kjernekomponentar.
29.10.18	Personalmøte barnehage
31.10.18	Nettverkssamling 1 for ressurspersonar bhg og skule

November 18	
06.11.18	Arbeidsgruppemøte 2. Admin., rektorar, styrarar, ressurspers. bhg/skule.
15.11.18	Styrarsamling, ped.leiarar og ressurspersonane i barnehagane i Vest-Telemark: <i>Eit godt psykososialt miljø for barn og vaksne med vekt på livsmeistring og psykisk helse/vaksenrolla - mot mobbing</i> Anne Holsæter Nordbye
20.11.18	Personalmøte barnehage
Desember 18	
05.12.18	Arbeidsgruppemøte 3. Admin., rektorar, styrarar, ressurspers. bhg/skule.
Januar 2019	
02.01.19	Planleggingsdag barnehage og skule. Bruke halv dag på skulen/bhg? Ansvar ressursperson/ rektor/styrar.
14.01.19	Arbeidsgruppemøte 4. Admin., rektorar, styrarar, ressurspers. bhg/skule.
15.01.19	Frist for å sende inn lokal plan for Inkluderande barnehage – og skulemiljø
22.-23.01.	Nasjonale samling Gardermoen. Rektor, styrar, ress.pers., ped.kons, k-sjef.
29.1.19	Personalmøte barnehage
Februar 19	
05.02.19	Nettverkssamling 2 for ressurspersonar bhg og skule
13.02.19	Fagtreff barnehage <i>Vaksenrolla i endring og utvikling</i> – Inkluderande barnehagemiljø. Ved Pia Halvorsen
20.02.19	Arbeidsgruppemøte 5. Admin., rektorar, styrarar, ressurspers. bhg/skule.
27.02.19	Personalmøte barnehage
Mars 19	
26.03.19	Personalmøte barnehage
27.03.19	Styrarsamling i Vest-Telemark inkl. ped.leiarar og ressurspersonar i Vest-Telemark mars 2019: <i>Inkluderende barnehagemiljø</i> . Kurshaldar frå USN
April 19	
03.04.19	Arbeidsgruppemøte 6. Admin., rektorar, styrarar, ressurspers. bhg/skule
10.04.19	Felles foreldremøte barnehage og skule m/ Pål Roland. Arr. FAU Flatdal skule/kommunen
24.04.19	Personalmøte barnehage
Mai 19	
09.05.19	Nettverkssamling 3 for ressurspersonar bhg og skule
22.05.19	Personalmøte barnehage
Juni 19	
14.06.19	Planleggingsdag barnehage og skule
August 19	
15.08.19	Kursdag skulane. Fysisk aktivitet - Liv og røre
September 19	
24.-25.9.2019	Nasjonale samling Gardermoen. Rektor, styrar, ress.person, ped.kons, k-sjef.
Oktober 19	
November 19	
Desember 19	
Januar 2020	

21.-22.1.20	Nasjonal samling Gardermoen. Rektor, styrar, ress.person, ped.kons, k-sjef.
Februar 20	
Mars 20	
April 20	
Mai 20	
Juni 20	
August 20	
Sept. 20	
16.-17.9.20	Nasjonal samling Gardermoen. Rektor, styrar, ress.person, ped.kons, k-sjef.

6. Finansiering

Økonomisk dekning finn ein gjennom statleg tilskot på inntil 520.000,- per kommune.

Det blei gitt kompetansemidlar til Seljord kommune for 2018-19 på kr 150 000 der kr 86 600 er sett av til kompetansetiltak innanfor temaet Inkluderande barnehagemiljø. Nokre av tiltaka er arrangert i samarbeid med Vest-Telemarkkommunane

Vi har og fått regionale kompetanseutviklingsmidlar inn i prosjektet, kr 90.000. Midlane skal nyttast til kompetansetiltak og nettverksarbeid innanfor Implementering av rammeplanen – med vekt på inkluderande barnehagemiljø

Begge ressurspersonane vil bli frikjøpt i 20% stilling kvar med oppstart hausten 2018.

Dersom regionale og/eller lokale planar syner at det er behov for ytterlegare finansiering, vil dette bli innarbeidd i budsjettet frå 2019.

7. utfordringar og molegheiter

Utfordringar:

Fleire store prosjekt gåande på same tid, utfordrande å sette av nok tid til fordjuping og grundig refleksjon

Positive element som vi kan spele på i utviklingsarbeidet:

- Regionale samarbeidsarenaer er alt godt etablert
- Lokale samarbeidsarenaer for fagleg utvikling og refleksjon er alt godt etablert; pedagogmøte, fagtreff, felles møte for styrarar og rektorarar, felles kursdag m.m.
- Gode ordningar og rutinar for rettleiing i barnehage er alt etablert

8. Den kompetente vaksne

8.1. Relasjonskompetanse

Alle barn og unge i barnehagane og skulane i Seljord skal oppleve å bli anerkjent. Barnehage, skule og SFO skal gi rom for ulike føresetnader, perspektiv og erfaringar, og bidra til at alle i fellesskap med andre utviklar eit positivt sjølvbilete og tru på egne evner. Personalet i barnehagane, skulane og på SFO skal fokusere på korleis den vaksne møter barn og unge slik at ein både tek vare på den einkilde sin integritet og omsyn til fellesskapet.

Utvikling av sosial kompetanse hos barn og unge er nødvendig for å kunne vere saman med andre, etablere venskap, løyse konflikhtar, vere hjelpsam, samarbeide i grupper, og forstå korleis andre har det, empati. Utvikling av sosial kompetanse, språk og kommunikasjonsevne vil vere med på å førebygge diskriminering, krenking og mobbing. Det vil utjamne sosiale forskjellar og bidra til likestilling på ulike område. Grunnlaget blir lagt allereie i førskulealder. Personalet skal leggje vekt på å utvikle og vidareutvikle desse ferdigheitene.

Relasjonskompetanse blir definert som: "Kunnskap, ferdigheiter, evner og haldningar som etablerer, utviklar, reparerer og held ved like relasjonar mellom menneske". (Jan Spurkeland) Det handlar om å vere interessert i menneske, tillit, emosjonell modning, dialogferdigheiter, relasjonsfremmande tilbakemeldingskultur, kreativitet, prestasjonshjelp, konflikthandtering. (*Relasjonskompetanse i barnehagen*, Lysebo og Bratt)

For at barn og unge skal utvikle desse ferdigheitene må dei erfare det i kvardagen i møte med gode rollemodellar. Leiinga i barnehagar, skular og SFO har ansvar for å ha kontinuerleg fokus på bevisstgjerjing og utvikling av personalet sin eigen sosiale og relasjonelle kompetanse.

I samvær med barn og unge legg vi vekt på samhandling og samtalen som metode. Utvikling av god språkforståing er avgjerande for å meistre samvær med andre. Vi arbeider mykje med språk, og har ekstra fokus på språk saman med barn som strevar med språket, og for dei som ikkje har norsk som morsmål.

8.2 Synet på læring

Barn og unges rett til medverknad

Alle barn og unge skal erfare å få påverke det som skjer i barnehage, skule og på SFO. Dei skal få høve til å delta aktivt i planlegging og vurdering av verksemda i samsvar med alder og modning. Barn og unge skal ikkje få meir ansvar enn dei er rusta til å ta. Personalet forstår omgrepet slik at kvart barn skal bli sett, høyrd og respektert, og skal få høve til å delta og prøve seg fram. I denne prosessen får barn og unge erfaring med kva demokrati er. Medverknad skaper engasjement og motivasjon for læring.

Personalet i barnehagen skal ta del i leik, aktivitet og daglege gjeremål, og vere opne for improvisasjon og kreativitet. Dei skal stimulere barn til undring og til å stille spørsmål, søkje opplevingar, ta initiativ og meistre nye ting. Dei skal gi barna varierte inntrykk, inspirasjon og høve til å uttrykke seg og lære på ulike måtar, og arbeide tverrfagleg og heilskapleg.

I fagfornyinga blir det lagt vekt på meir djudelæring, meir praktisk tilnærming, og det vil bli lagt meir vekt på å sjå samanhengar mellom fag. Folkehelse og livsmeistring, demokrati og berekraftig utvikling blir viktige tema i skulen. Denne endringa er i tråd med kva forskning seier om korleis barn lærer best.

8.3 Rettleiing og tilbakemeldingskultur

Barnehagar og skular skal vere lærande organisasjonar. Refleksjon i eit lærande fellesskap er ei viktig arbeidsform for å utvikle og forbetre praksis og haldningar.

Utvikling av ein tilbakemeldingskultur er ein viktig føresetnad for å få til endra åtferd.

Det er nødvendig å reflektere over handlingane våre i eit fellesskap for å øve på nye måtar å agere på i møtet med barn og unge.

Vi skal etablere ein kultur der vi hjelper kvarandre til å bli bevisst eigne handlingar ved å gje tilbakemeldingar i kvardagen. Det handlar om å gripe fatt i ting når dei skjer eller rett etterpå i tid, for å reflektere over kva, korleis og kvifor vi handlar slik vi gjer i møtet med barn og unge. Målet er å endre handlingsmønster, utvikle praksis og heve kvaliteten på arbeidet vårt. Det krev eit trygt og godt arbeidsmiljø, og at vi sett av tid til å øve. Når målet er at dei vaksne skal vere gode rollemodellar, må vi arbeide for å gjere kvarandre gode på møta med barn og unge.

Allt personale i barnehage, skule og på SFO forpliktar seg til å ta imot rettleiing. Rettleiing kan gå føre seg uformelt som observasjon og tilbakemeldingar her og no, eller formelt i planlagde møte etter bestemte metodar. Vi ønsker å arbeide for at alle styrarar og pedagogiske leiarar i barnehagen, og kontaktlærarar i skulen, har rettleiingskompetanse innan få år.

Pr. i dag har Seljord kommune ein 20 % ressurs til rettleiing i alle barnehagane. Denne ressursen blir også nytta i eit samarbeid om rettleiing i Vest-Telemark. Der har vi oppretta eit rettleiingsteam som gir rettleiing til nyutdanna barnehagelærarar i Vest-Telemark dei to fyrste åra som nyutdanna.

Det er mange ulike metodar for bevisstgjerjing av eigen praksis. Vi vil gjere oss kjende med noko av dette og vurdere det i det vidare arbeidet. Classroom walking, observasjon og filming, arbeidsplassrulling, er døme på måtar å arbeide med rettleiing og utvikling.

Vi ønsker å

- etablere og utvikle rettleiing som metode i alt utviklingsarbeid.
- arbeide for at alle barnehagane skal ha rettleiingskompetanse blant pedagogiske leiarar
- 20 % ressurs til rettleiing i alle barnehagane
- halde fram med og utvikle vidare rettleiingsopplegget i Vest-Telemark, *Ny som barnehagelærar*
- Ta i bruk eller utvikle verkty for refleksjon og bevisstgjerjing av eigen praksis i personalgruppa
- Arbeide for å få rettleiingskompetanse inn i skulen, både for rettleiing av nyutdanna, men og som ledd i personalutvikling

8.4 IKT-satsing

Utdanningssektoren i Seljord har vald å satse på arbeidet med digital praksis i barnehage og skule. Dette vil bli eit lyft både når det gjeld kompetanse, praksis, organisering og utstyr i 2018.

Nettmobbing er eit svært aktuelt tema i denne satsinga.

9. Litteraturliste

- Ask, Cathrine (2015). *Hverdagslæring i barnehagen - for både voksne og barn*
Kommuneforlaget
- Bergkastet, Inger, Duesund, Charlotte og Skyseth Westvig, Tone (2018): *Inkluderende læringsmiljø, faglig og sosialt.*
Gyldendal forlag
- Bergkastet, Inger og Andersen, Sissel (2016): *Klasseledelse, varme og tydelighet.*
Pedlex
- Brandtzæg, Ida, Torsteinson, Stig og Øiestad, Guro (2013): *Se barnet innenfra.*
Kommuneforlaget.
- Brandtzæg, Ida, Torsteinson, Stig og Øiestad, Guro (2016): *Se eleven innenfra. Relasjonsarbeid og mentalisering på barnetrinnet.*
Gyldendal akademisk.
- Greene, Ross W. (2005): *Eksplosive barn.*
Pedagogisk forum
- Greene, Ross W. (2011): *Utenfor. – Skolens fortapte elever.*
Cappelen akademisk
- Idsøe, Ella Cosmovici og Roland, Pål (2017). *Mobbetferd i barnehagen. Temaforståelse-forebygging-tiltak*
Cappelen Damm Akademisk
- Jørgensen, Per Schultz (2016). *Styrk barnas karakter. Et forsvar for barn, barndom og karakterdannelse.*
Pedagogisk forum
- Jørgensen, Per Schultz (2017). *Robuste barn. Gi barnet ditt ansvar, livsmot og tiltro til seg selv.*
Cappelen Damm Akademisk
- Kunnskapsdepartementet (2017) *Rammeplan for barnehagen*
Utdanningsdirektoratet
- Lund, Ingrid og Gotfredsen, Marianne og Helgeland, Anne og Nome, Dag Øystein, Kavac, Bobo Velibor og Cameron, David Lansin (2015). *Hele barnet, hele løpet; Mobbing i barnehagen.*
Forskningsrapport fra FUB, FUG, Universitetet i Agder, Abup og Kristiansand kommune.
- Lund, Ingrid (2016). *De er jo bare barn. Om barnehagebarn og mobbing.*
Pedlex

- Lund, Ingrid og Helgeland Anne (2016). *Mobbing i barnehagen. Anerkjennelse som forebygging*
Pedlex
- Lund, Ingrid og Helgeland, Anne (2018). *Samarbeid mot mobbing i barnehagen*
Pedlex
- Lysebo, Marit Onshuus og Bratt, Elin Gullesen (2017). *Relasjonskompetanse i barnehagen.*
Pedlex
- Manger, Terje (2012): *Dette vet vi om: Motivasjon og mestring.*
Gyldendal akademisk
- Melaas, Terje (2015). *Blikk for lek i barnehagen. Starte - verne – videreutvikle*
Kommuneforlaget
- Nordahl, Thomas (2012): *Dette vet vi om: Klasseledelse.*
Gyldendal akademisk
- Nou (2015). Å høyre til. Virkemidler for et trygt psykososialt skolemiljø
Regjeringen.no
- Pape, Kari (2013). *Jakten på den gode barndom. Lekende og inkluderende miljøer i barnehagen*
Kommuneforlaget
- Raknes, Solfrid (2014). *Grøne tanker - glade barn. Pedagogisk førstehjelp, barn 4 – 7 år.*
Gyldendal Akademisk
- Roland, Pål og Westergård, Elsa (2015). *Implementering Å omsette teorier, aktiviteter og strukturer i praksis*
Universitetsforlaget
- Schibbye, Anne Lise Løvlie og Løvlie, Elisabeth (2017). *Du og barnet. Om å skape gode relasjoner med barn*
Universitetsforlaget
- Sevje, Grete og Gustafson, Trine (2009): *Ti kjennetegn på god undervisning*
Pedlex
- Spurkeland, Jan (2017). *Relasjonsledelse*
Universitetsforlaget
- Sælebakke, Anne (2015). *Barn i balanse. Nærvær og empati i barnehagen.*
Gyldendal akademisk
- Tveit, Arne (2012): *Dette vet vi om: Annerkjennelse, ros og regler i klasserommet*
Gyldendal akademisk
- Udir (2017?). Grunnlagsdokument for arbeid med barnehage-, skolemiljø, mobbing og andre krenkelser. En felles plattform for statlige aktører.
Udir.no

10. Nettressursar

Informasjon frå Udir om satsinga, samlinga m.m.

https://www.dropbox.com/sh/fwa652sg2l26rxr/AACog4_tgj8Xs2hcm4pvnGFia/1.%20Informasjon%20og%20dokumenter?dl=0

Ståstadsanalyse barnehage og skule.

<https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/statedsanalyse/>

11. Vedlegg

Vedlegg 1: Søknad om deltaking i inkluderande barnehage- og skulemiljø frå region Vest-Telemark.

Vedlegg 2: Søknad kompetansemidlar barnehage lokalt/regionalt til FM Telemark

Vedlegg 3: Plan for å sikre eit trygt og godt skulemiljø i Seljordskulen